



Dato: 19.05.2015

Vannregionmyndigheten for vannregion Vest-Viken
v/ Buskerud fylkeskommune

AUST-TELEMARK VASSOMRÅDE – SPØRSMÅL OM OPPFØLGJING AV NOTODDEN KOMMUNE ETTER AT KOMMUNEN HAR TREKT SEG UT AV PROSJEKTARBEIDET I VASSOMRÅDET

Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde vil med dette be VRM om råd/ synspunkt på korleis vassområdet skal handtere at Notodden kommune har meldt seg ut av prosjektsamarbeidet i Aust-Telemark vassområde. Kva blir forventa av bidrag frå vassområda til kommunar som ikkje lenger deltek aktivt i prosjektarbeidet?

Sak om vidare deltaking i prosjektarbeidet i Midtre Telemark VO og i Aust-Telemark VO i 2015 vart handsama i teknisk utvalg i Notodden kommune 25.02.2015 (sak 19/15). Kommunen vedtok å trekkje seg ut av Aust-Telemark VO, men at deltakinga kan vurderast på nytt når ei vidare organisering av vassforvaltningsarbeidet for 2016 er klart. Kommunen begrunna vedtaket i stort ressursbruk ved å delta i to vassområde, og som lite hensiktsmessig sidan mange vassforvaltningstenester for kommunen kan dekkjast ved å delta i eitt vassområde. Vidare viser kommunen til at arealet til Notodden kommune innafor Aust-Telemark VO er lite påverka.

Vi viser elles til vedlagt saksframlegg og protokoll i Notodden kommune ved handsaming av saka.

Den einaste kjente vassforekomsten i risiko i Aust-Telemark VO innafor Notodden kommune er Gravtjønn. Denne vassforekomsten mottek avrenning som er forureina av trafikk/ salting på Tinnsjø-vegen, og vassforekomsten har forslag om problemkartlegging og oppsamling av avløpsvatn som tiltak. Ved sida har NIVA tilrådd at tilstanden i Tinnsjø og bekkefelt til Tinnsjø blir følgd opp med overvaking på grunn av vegsaltinga. Statens Vegvesen er ansvarleg for dei foreslåtte tiltaka.

Sjølv om denne delen av Notodden kommune er eit lite påverka område og derfor krev lite av oppfølging/ tiltaksgjennomføring, vurderer vassområdet det likevel som eit viktig område i vassforvaltningsarbeidet, m.a. på grunn av hytter, friluftsliv og småkraftutbygging. Vidare ligg det to verna vassdrag i denne delen av vassområdet (Raua-vassdraget og Digeråi).

Med helsing

Eivind Ørnes

leiar i styringsgruppa

Aust-Telemark vassområde